

Utval: **Ungdommens fylkesutval**
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset
Dato: 17.03.2018
Tidspunkt: 09:30-15:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Merknad:
Marius Hellan Hindenes	Leiar	
Anna Elisabeth Øyre hagen Akselvoll	Nestleiar	Frå kl. 10:20
Sander Molland	Medlem	
Malene K. M. Alsaker	Medlem	
Julie Henriette Langum	Medlem	
Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Merknad:
Marte Kristoffersen	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Merknad:
Vegard Kleppe	Marte Kristoffersen	Til kl. 14:35
Oda Medhus		Frå kl. 10:20
Ida Heggland		
Lisa Haugland Bøthun		
Jens Hestnes Andersen		Frå kl 14:50

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar, fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
Sekretær

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 16/18	Godkjenning av innkalling		
PS 17/18	Godkjenning av saksliste		
PS 18/18	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 19/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 9/18	Økonomirapport - per 19.02.2018	2014/560	
RS 10/18	Oversikt ungdomsråd - per 19.02.2018	2014/560	
RS 11/18	Invitasjon til fylkesting for ungdom 2018	2018/21	
RS 12/18	Folkehelseundersøking i Hordaland	2017/4780	
PS 20/18	Nytt Ungdommens planprogram 2015 - korleis arbeide og marknadsføre planprogrammet?	2014/560	
PS 21/18	Førebuing Dialogdagen 4. april	2014/560	
PS 22/18	Ymse		

PS 16/18 Godkjenning av innkalling**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018****Vedtak**

Innkallinga vart godkjent.

PS 17/18 Godkjenning av saksliste**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018****Vedtak**

Sakslista vart godkjent.

PS 18/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018****Vedtak**

Møtebok frå møtet 21.02.2018 vart godkjent.

PS 19/18 Referatsaker (meldingar)**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018**

RS 9-12/18 vart referert.

PS 20/18 Nytt Ungdommens planprogram 2015 - korleis arbeide og marknadsføre planprogrammet?

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018

Marius Hellan Hindenes sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Ungdommens fylkesutval skal gjere følgjande for å fremja Ungdommens planprogram 2018:

- Ha lav terskel for å kontakte lokalavisa. Diskuter det med dei som jobbar på ditt område og informer Ungdommens fylkesutval når noko kjem i avis. Be medlemene i eigen organisasjon om å lage ei sak på facebook, eller gjer det sjølv.
- Dei ulike områda skal møte dei vaksne utvala. Dei tre hovudutvala skal ein be om å møte i vinter/vår og fylkestinget skal ein be om å møte til hausten, i samband med budsjettarbeidet.
- Presentere måla i planprogrammet på facebook-sida over ein periode. Gjerne med bileter eller ved å be ungdom kome med innspel om utfordringar på det målet. Eller ved å stille spørsmål. Eigen organisasjon tek dette vidare.
- Det kan vere aktuelt for leiar og nestleiar å be om eit møte med fylkesordførar og/eller fylkesrådmannen, men det er ønskjeleg å vente til etter dialogdagen for å sjå om det er trong for eit slikt møte.
- Leder og nestleiar ønskjer å møte fylkesvaraordførar.»

Ida Heggland sette fram slikt forslag:

«Medlemene i Ungdommens fylkesutval skriv lesarinnlegg i avis. Viktig å nemne at ein representerer Ungdommens fylkesutval.»

Vegard Kleppe sette fram slikt forslag:

«Alle kan dele saker på facebook og instagram. Hugs at facebook er litt meir formelt, og at instagram er litt meir uformelt.»

Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Heggland sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Kleppe sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval skal gjere følgjande for å fremja Ungdommens planprogram 2018:

- Ha lav terskel for å kontakte lokalavisa. Diskuter det med dei som jobbar på ditt område og informer Ungdommens fylkesutval når noko kjem i avis. Be medlemene i eigen organisasjon om å lage ei sak på facebook, eller gjer det sjølv.
- Dei ulike områda skal møte dei vaksne utvala. Dei tre hovudutvala skal ein be om å møte i vinter/vår og fylkestinget skal ein be om å møte til hausten, i samband med budsjettarbeidet.

- Presentere måla i planprogrammet på facebook-sida over ein periode. Gjerne med bileter eller ved å be ungdom kome med innspel om utfordringar på det målet. Eller ved å stille spørsmål. Eigen organisasjon tek dette vidare.
- Det kan vere aktuelt for leiar og nestleiar å be om eit møte med fylkesordførar og/eller fylkesrådmannen, men det er ønskjeleg å vente til etter dialogdagen for å sjå om det er trøng for eit slikt møte.
- Leder og nestleiar ønskjer å møte fylkesvaraordførar.
- Medlemene i Ungdommens fylkesutval skriv lesarinnlegg i avisas. Viktig å nemne at ein representerer Ungdommens fylkesutval.
- Alle kan dele saker på facebook og instagram. Hugs at facebook er litt meir formelt, og at instagram er litt meir uformelt.

PS 21/18 Førebuing Dialogdagen 4. april

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018

Marius Hellan Hindenes sette fram slikt forslag:

«Administrasjonen ferdigstiller program og gjestar. Dei ulike områda vert einige om dei viktigaste punkta og set seg inn i Ungdommens planprogram på sitt område.»

Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Administrasjonen ferdigstiller program og gjestar. Dei ulike områda vert einige om dei viktigaste punkta og set seg inn i Ungdommens planprogram på sitt område.

PS 22/18 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018

I samband med RS 11/18 «Invitasjon til fylkesting for ungdom 2018» informerte møteleiar **Marius Hellan Hindenes** om at leiar og nestleiar i Ungdommens fylkesutval skal delta. Det vert og ei moglegheit til å diskutere regionaliseringssprosessen med leiar og nestleiar i Sogn og Fjordane.

Ingeborg Strandberg informerte om at det var ønskjeleg at leiar for Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Sogn og Fjordane møtte fellesnemnda for å orientere om kva som var viktig for ungdom i regionaliseringssprosessen. Mogleg dato for dette er 5. mai.

Marius Hellan Hindenes sette fram slikt vedtak:

«Alternativ:
I den nye regionen skal det vere 1 samla Ungdommens fylkesting / Fylkesting for ungdom og 1 samla Ungdommens fylkesutval / Ungdomspolitisk utval.»

Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I den nye regionen skal det vere 1 samla Ungdommens fylkesting / Fylkesting for ungdom og 1 samla Ungdommens fylkesutval / Ungdomspolitisk utval.

Trøndelag fylkeskommune har invitert til eit møte for fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom der dei skal informere om den prosessen dei har vore igjennom. Denne er 6. april, med påmeldingsfrist 22. mars. Møteleiar **Marius Hellan Hindenes** bad om at dei som var interessert meldte seg.

Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland gjorde framlegg om at han sjølv skulle delta.

Sander Molland gjorde framlegg om at han sjølv skulle delta.

Røysting

Akseland og Molland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland og Sander Molland deltek på informasjonsmøte til Trøndelag fylkeskommune 6. april.

Vegard Kleppe sette fram slikt forslag:

«Alternativ:
Møtet 7. mai vert flytta til 14. mai.»

Røysting

Kleppe sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møtet 7. mai vert flytta til 14. mai.

Anna Elisabeth Øyrehaugen Akselvoll sette fram slikt forslag:

«Alternativ:
Ungdommens fylkesutval ønsker å samarbeide med Ungdommens bystyre i Bergen og vil invitere dei til eit møte.»

Røysting

Akselvoll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval ønsker å samarbeide med Ungdommens bystyre i Bergen og vil invitere dei til eit møte.

Julie Henriette Langum sette fram slikt forslag:

«Alternativ:
To nye personar vert vald til å delta i nettverk for folkehelseplanen.»

Vegard Kleppe sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ein vert vald frå område for opplæring og helse og ein vert vald frå området for kultur, idrett og regional utvikling.»

Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland gjorde framlegg om at han sjølv skulle delta.

Malene Alsaker gjorde framlegg om at ho sjølv skulle delta.

Røysting

Langum sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kleppe sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Alsaker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

To nye personar vert vald til å delta i nettverk for folkehelseplanen. Ein vert vald frå område for opplæring og helse og ein vert vald frå området for kultur, idrett og regional utvikling.

Ungdommens fylkesutval vel Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland og Malene Alsaker som sine representantar i nettverk for folkehelseplanen.

Marius Hellan Hindenes sette fram slikt forslag:

«Endring:

Miljø og samferdsel	Opplæring og helse	Kultur, idrett og regional utvikling	Eigen organisasjon
Ida Heggland (leiar) Julie Langum	Malene Alsaker (leiar) Sander Molland Oda Medhus	Jonas Askeland (leiar) Jens Andersen Lisa Bøthun	Vegard Kleppe (leiar) Marte Kristoffersen»

Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Miljø og samferdsel	Opplæring og helse	Kultur, idrett og regional utvikling	Eigen organisasjon
Ida Heggland (leiar)	Malene Alsaker (leiar)	Jonas Askeland (leiar)	Vegard Kleppe (leiar)
Julie Langum	Sander Molland Oda Medhus	Jens Andersen Lisa Bøthun	Marte Kristoffersen»